


STATENS VEGVESEN MØRE OG ROMSDAL LABORATORIET		HOVUDARKIV: 46.680.06 OPPDRAK: Nr 93.081 LAB.ARKIV: RV 680 HP 06 KOMMUNE: KARTREFERANSE:						
TITTEL: VURDERING AV STABILITET I FJELLSKJERING PÅ RV 680/06 CA. KM 7,450 - 7,600, NYVEGEN VED LEIRA PÅ TUSTNA.								
SAKSBEHANDLAR: Kåre Ingolf Karlson						RAPPORT NR 1		
KONTAKT: Overing. Hjalmar Brudeseth								
DATO: 1993-09-28	SENDT TIL	Vsj.	Avsj	KL	HjB			Lab.ark
VÅR REF:	EKSEMPLAR	1		1	1			3
Laboratoriet, Molde, den 27/9-93 B. Wivestad								

Laboratoriet har på oppdrag frå anleggsavdelinga vurdert stabiliteten i ei fjellskjering på ny veg forbi Leira på Tustna. Fjellskjeringa vart vurdert under ei synfaring den 21.09.93. Bilete av skjeringa er vist i vedlegg 1.

Bergarten er ein folda gneis. Foliasjonen til bergarten er også folda og ei av hovudsprekkeretningane går langs foliasjonen. Dette sprekkeplanet har strøkretning nær parallelt skjeringsveggen og varierende fall mot vegen. I tillegg er det ei sprekeretning nær vinkelrett på skjeringsveggen. Dei to sprekeretningane definerer fjellflak som ligg med fall mot vegen. Fjellskjeringa er på det høgaste ca. 8m, og det er 3m - 4m brei grøft.

Friksjonen på det potensielle glideplanet blir vurdert som svært god på grunn av bølgene etter foldinga. Det synest derfor rett å vente med å sikre skjeringa med boltar. Truleg vil fjellet ligge stabilt utan sikring. Om frosten opnar sprekkene og reduserer friksjonen når han får arbeide nokre år, er det lite truleg at ei eventuell utgliding vil føre til nokon farleg situasjon. Den låge skjeringshøgda og den breie grøfta gjer at om noko glir ut, vil det hamne i grøfta. Gang- og sykkelvegen ligg på andre sida av vegen.



Rv 680/06 ca km 7,450 - 7,600.